

**Hugs å gje tilbakemelding dersom du har forfall.**

Til medlemene av generalforsamlinga i Sparebankstiftinga Hardanger.

Dato: 8.mars 2019

## ***Innkalling til møte i generalforsamlinga***

De vert med dette kalla inn til møte i generalforsamlinga i Sparebankstiftinga Hardanger.

**Onsdag 3.april 2019 kl. 18.15 på Utne.**

Møtet vert halde i møtelokalet på «Gamle posten» på kaien på Utne med servering av middag etter møtet- ca. kl. 19.15 på Utne Hotel.

### **Sakliste:**

#### **1. Val av styremedlemer.**

Jakob Dyrkolbotn, Utne og Margunn Hauso, Ulvik er på val.

Jakob Dyrkolbotn har vore med i styret i 12 år og går derfor ut.

Valnemnda gjer slikt framlegg :

Margunn Hauso, Ulvik, attval  
Kjetil Widding, Grimo, nyval

Dei 3 varamedlemene Håkon Sandven, Jondal, Helga Helleland , Lofthus og Olav Seim , Granvin er og på val.

Olav Seim har teke på seg verv som styremedlem i Vekselbanken og kan av den grunn ikke ha verv hos stiftinga.

Valnemnda gjer slikt framlegg:

Håkon Sandven, Jondal, attval  
Helga Helleland, Lofthus, attval  
Hans Jakob Mæland, Granvin, nyval

#### **2. Val av leiar og nestleiar for generalforsamlinga.**

Noverande leiar av generalforsamlinga Magnar Lussand har meldt frå om at han p.g.a helseplager ikkje lengre kan ivareta sine verv for stiftinga.

Framlegg til ny leiar og nestleiar for generalforsamlinga :

Kjellaug Hoås Samland, Herand, leiar  
Bente Eikås, Kinsarvik , nestleiar

### **3. Val av medlemer til valkomiteen.**

Framlegg til vedtak:

Kjellaug Hoås Samland, Herand, leiar  
Bente Eikås, Kinsarvik, nestleiar,  
Per Røberg, Norheimsund, medlem

### **4. Fastsetjing av godtgjersle til styret og andre i Sparebankstiftinga Hardanger.**

Det er ikkje føreslått endringar i forhold til vedtekne honorar for 2018 som då og blir føreslått for 2019, jfr. vedlegg1.

### **5. Val av revisor og fastsetting av revisor si godtgjersle.**

Styret sitt framlegg til val av revisor:

RSM Norge AS v/ statsautorisert revisor Åse Steen-Olsen, Voss.

Styret sitt framlegg til godtgjersle til revisor for 2018: kr. 59.375,00 inkl. mva.

### **6. Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding for 2018.**

Vedlegg 2: Styret sitt framlegg til årsmelding, resultatrekneskap, balanse og notar.

Vedlegg 3: Melding frå ansvarleg revisor.

Framlegg til vedtak:

Framlagt årsrekneskap og årsmelding for 2018 vert godkjent.

Årsoverskotet på kr. 75.983.720 vert disponert slik:

Kr. 15.000.000 vert sett av til gåver for utdeling i 2019

Kr. 15.000.000 vert sett av til gavefond for framtidige gåver

Kr. 45.983.720 vert overført til eigenkapital.

### **7. Endring av vedtekten.**

Styret gjer framlegg om endringar i vedtekten § 2-2 som følgje av endringane i kommunestrukturen frå 2020.

Jondal vert føreslått flytta frå valdistrikt Vest (Jondal og Kvam) til Valdistrikt Aust ( Odda , Eidfjord og Ullensvang). Valdistrikt Vest vil etter dette bestå av Kvam og valdistrikt Aust vil bestå av kommunane «Nye Ullensvang» og Eidfjord. Valdistrikt Nord vil bestå av herada: «Nye Voss» og Ulvik.

Talet på innskytarvalde representantar vert føreslått redusert med 3 frå 16 til 13 og talet på varamedlemer vert føreslått redusert med 3 frå 11 til 8.

Styret vil vidare føreslå at ordninga med at Fylkesutvalet i Hordaland vel 3 medlemer og 2 varamedlemer fell bort.

Det er i dag 32 sparebankstiftingar på landsbasis og gjennomsnittleg tal representantar i generalforsamlinga er 12,68. Med endringsframlegga vil Sparebankstiftinga Hardanger bli liggjande tett opp til gjennomsnittet.

Av dei 32 sparebankstiftingane er eit fleirtal på 18 utan offentleg valde medlemer.

Vedlegg 4: Vedtektene § 2-2 med endringsframlegga i kursiv.

## **8.Ymse.**

Kopi av denne innkallinga blir sendt medlemene av styret og ekstern revisor.

**Vi ber om at medlemer som ikkje kan møta gir melding så snart råd til dagleg leiar Gunnar Skeie, telf. 97096023 eller mail : post@hardangerstiftinga.no slik at varamedlem kan bli innkalla.**

Med venleg helsing  
for SPAREBANKSTIFTINGA HARDANGER

Kjellaug Hoås Samland  
Fungerande leiar generalforsamlinga

---

Gunnar Skeie  
Dagleg leiar